

Rosendal/Uskedal har vunne ein treningskamp i fotball over Strandebarm (5. divisjon) med 4-1.

Dei viste spesielt lovande takter i fyrste omgang medan kvaliteten på spelet fall mange hakk i andre delen av kampen. Johannes Hjelmeland og nykommar Christian Sundsteigen scora dei to første måla medan Kristoffer Rød sette inn dei to siste. Han vart sett inn på laget mot slutten av kampen og leverte ein god søknad i konkurransen om å få delta også i neste kamp. Laget mangla spelarar som Anders Næs, Trond Eirik Feet, Kjartan Thorsen og Kenneth Gjuvsland.

Assistent-trenar Ivar Gundersen kallar kampen heller rotete og peikar på at dei fekk til så lite i andre omgangen med unntak av måla.

Sundsteigen meiner at årets Rosendal/Uskedal vil bli eit bra lag og at det vil unngå nedrykkstriden.

Han studerar til vernepleiar i Sogndal og skal i hvert fall spela i vårsesongen, opplyser han til Grenda. .